

Skalden frå Sæheim

24/11-76

Per Gynt

*Per Gynt - den svikar som mendi likar
er no vår kjæraste folkehelt.*

*I høgset-stolen, med styrevolen,
han råda skal i vårt land reelt
me treng ein skøyer som lagar løyer
når arbeidsvika vert altfor lang
Og Noregs skuta - med klut i ruta -
ho sleng i veg på sin skeive gang!*

*Han allehanda kan samanblanda,
so rund og romsleg og perleflott!
So bøn og banning og lygn og sanning
for folket vårt tykkjest like godt.
Sjå kor han lagar oss gode dagar.
Og gjev oss nøgdi av mat og vin!
Han syng med iver om preventiver.
Og prisar-høglydt ein «Raud Rubin».*

*I Noregs pressa han høgt er sessa.
Der hev han bukti og endann fått.
So alle spalter vert offeralter,
med pris og ære til denne drott.
Teater - kyrkje skal saman styrkje
Per Gynt sin herlege kongemakt.
Han alt vil tøyma. Og folk bør gløyma
dei alvorsordi som Gud hev sagt.*

Johs. M.L. Rydland.